

Radøy Kommune

Radøyvegen 1690
5936 Manger

Jon Arne Husebø

Radøyvegen 1316
5936 Manger

19. september 2019

Flytting/Nytt veglys ved busstopp, Kartveit sør, FV409.

Eg tek kontakt med Radøy Kommune med søknad om flytting eller eit nytt veglys ved busstopp Kartveit sør, FV409.

Busstoppa vart flytta frå vegkryss til Ulvatn, litt lenger vest på FV409.

Dei to busstoppa er no plassert utafor dekningsområde for eksisterande veglys, og ligg i eit mørkt område.




Det er kun venteskur på eine sida, på busstopp retning sør.

Reisande som ventar på nordgåande buss, ventar på bussen i busskuret på andre sida av vegen, og kryssar over vegen når bussen kjem.

Dette skaper svært trafikkfarlege situasjonar.

Eit veglys som dekker området med desse busstoppa vil betra på situasjonen.

Det er ikkje fortau i området, og busstoppa ligg i ei svært lite respektert 50km/t sone.



Om det er flytting av eksisterande veglys eller eit nytt veglys som er beste løysing, overlet eg til Radøy Kommune/Statens Vegvesen/BKK å avgjerda.

Helsing
Jon Arne Husebø